



## Hordaland Sau og Geit

### Referat styremøte HSG 2. mars 2014

**Stad: Telefonmøte**

**Tid: kl 18.00-19.45**

**Til stade:** Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Arnt Bakke, Egil Øvstebø og Anita Jordalen og  
fyrste vara Per Martin Vatna.

**Sak 20/14      Godkjenning av innkalling.**

**Vedtak:** Godkjent

**Sak 21/14      Innspel til NSG i samband med jordbruksforhandlingane 2014**

**Vedtak:** Etter ein grundig drøfting i styret blei denne innstillinga sendt NSG:  
Du kan og lese uttalelesen på heimesida til HSG: <http://www.nsg.no/hordaland/>

## Sau

### 1. Produksjonstilskot

**Modell B** i rapport frå arbeidsgruppa til jordbruksstingane 2014 med følgande  
forslag til justeringar:

Redusera tilskotet til sau over 1 år og auka tilskotet til lammeslakt, fordi forslaget  
som ligg føre gjev urimeleg stor auke i tilskotet til utegangarsau. Frå kr 210 i dag til  
kr 495(med 0 lammeslakt). Dette er ikkje i tråd med mandatet sitt mål om å stimulera  
til auka kjøtproduksjon.

Auka kravet til klasse for å få tilskot til lammeslakt frå O til O+. Dette fordi  
kvaliteten på lam har auka fleire klassar sidan kvalitetstillegg for lam vart innført for

meir enn ti år sidan. Dette vil og stimulera til høgare kvalitet på lammeslakt frå utegangarsau.

Tilskotet til lammeslakt bør utbetalast på slakteavrekninga.

## **2. Beitetilskot**

Utmarksbeitetilskotet vert auka frå kr 142 til kr 200.

Beitetilskotet vert auka frå kr 40 til kr 100.

## **3. Avløysartilskot**

Auka avløysartilskotet til kr 80 000, og satsane pr. dyr frå kr 499 til kr 560.

## **4. Investeringsstøtte**

Investeringstøtte og til mindre bruk. Dette er viktig for å oppretthalda produksjonen, då det i mange område ikkje ligg til rette for større einingar.

## **5. Elektronisk overvaking**

Auka tilskot til elektronisk overvaking. Dette vil effektivisera beitebruken og redusera tap i utmarksbeite.

## **6. Momsgrensa**

Momsgrensa må stå på kr 50 000.

# **Geit**

## **Friskare Geiter**

Gjennom prosjektet Friskere Geiter er geitmjølkprodusentane snart i mål med å sanere bort dei tre kroniske sjukdomane CAE, Paratuberkulose og Byllesjuke som geiteflokkane har vore plaga med. Dette er eit stort løft for næringa men det har «kosta» enormt på fleire måtar.

Det står framleis att å dokumentere helsestatus på ein god del amme- og hobbygeiter. Dette er uheldig med tanke på re-smitte og verkar skremmande for dei mange som har sanert.

Under årets jordbruksstingar må det setjast av midlar som sikrar at alle geiter får dokumentert helsestatus og at nødvendige tiltak blir gjennomført der det er funn av dei nemnde sjukdomane. Det må i tillegg sikrast midlar for eit oppfølgings-program også for dette geitehaldet.

## **Generelt**

1. Oppretthalda distriktstilskotet på slakt.

Oppretthalda frakttilskot for kraftfôr og kjøt, og inntransport av slakt og mjølk.

2. Korn og kraftfôrpolutikken.

Oppretthalda kornproduksjonen i dei områda som er egna til det, og unngå flytting av husdyrhaldet frå områda der grasproduksjon og beitebruk er einaste egna produksjon.

## **Sak22/14 Ymse**

Nils Inge yngste Arnt Bakke velkommen til styret i HSG. Han fortalte om arbeidet der.

Hadde og ein gjennomgang om praktiske ting rundt styremøta.

Nils Inge gjekk og gjennom rutinar for innlevering av reiserekningar for styremedlemmene.

Sek.:

Karluf Håkull